

Søknad om anløp i ferjebrau og nattligge i Lærdal

Viser til søknad og tidlegare korspondanse.

Løyve

De får for perioden 1. mai-30. september 2018 løyve til anløp til ferjekaibrua i Lærdal i perioden 0730-0800 og 1800-1830. De får også tilgang til kai for nattligge i den grad den er ledig i den aktuelle perioden. Løyvet er mellombels og kan bli endra dersom føresetnadene for den eine eller andre part vert endra.

Viser til dykkar siste e-post 25.10.2017 med vedlegg der de beskriv visse føresetnader for å oppfylle tillegg til ferjekaibru og kai. De må også syte for sperre ved front ferjekaibru som hindrar personar i å gå ut ved sidene av fallporten.

Vilkår

Lærdal ferjekai vert nytta som beredskaps- og reservekai i riksvegferjedrifta. Det betyr at riksvegferjedrifta har forrett til anløp og eventuelt ligge ved ferjekaien i Lærdal. Dersom det f.eks. er driftsstans på Fodnes ferjekai eller at Fodnestunnelen vert stengt, eller at Lærdal ferjekai av andre grunnar må nyttast, må riksvegsambandet ha full tilgang til kai og landområdet.

Oppstillingsplassen (landområdet) er fullt utnytta i dei tilfella at ferja må gå Lærdal – Mannheller, eventuelt Lærdal – Fodnes – Mannheller. For ikkje å skape kork og kaos må turisttrafikken vike så lenge ferjekaien fungerer som riksvegsamband.

Det vil være Lustrabaatane AS sitt ansvar å syte for at turisttrafikken ikkje hindrar og/eller forsinkar riksvegferjedrifta sin bruk av kaien.

Statens vegvesen har til no ikkje nytta seg av hamneavgift eller kaileige ved bruk av våre anlegg. Ved eventuelle skader på Statens vegvesen sitt anlegg påført av fartøy, vil det bli skadevoldar som må ta kostnadane for reparasjon.

Skader påført av fartøy eller motorvogn skal rapporterast til Statens vegvesen.

Dersom de har behov for straumuttak til ferje, må de ordne dette sjølve.

Statens vegvesen svarer kun for bruk av ferjekaien. Lustrabaatane AS pliktar å eventuelt å ta kontakt med andre interessantar eller aktørar som kan ha interesse i saka.

Med helsing
Audun Trygve Borlaug

Seksjon: Vegseksjon Sogn
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER
Kontoradresse: Askedalen 4, LEIKANGER
Telefon: +47 57655884 Mobil: +47 95191892 e-post/Lync: audun.borlaug@vegvesen.no
www.vegvesen.no e-post: firmapost-vest@vegvesen.no